

# Referat frå stiftelsesmøte – Foreninga FAU Myking Skule

mandag 18. mars 2019

19:09

Tilstades:

Isabell Hansen  
Kurt-Arne Andersen Fosse  
Tor Bjørnevoll  
Silje Ebbesvik  
Randi Sletten Flæsland  
Agnethe Holsen

Det er enighet om å opprette ein stiftelse, Foreninga FAU Myking skule. Hovudargumentet for dette, er å få ei ryddigare handtering av økonomi frå år til år, det vert mulighet for VIPPS, og ein slepp å handtere FAU sine midlar via private kontoar.

Det er leiar og kasserar som vert disponentar for foreninga sin konto.

Oppretting av forening vert einstemmig vedtatt, 6 av 6 stemmer.

Vedtekter må tilpassast vår skule, og forslag til vedtekter vert utarbeida av Randi og Isabell. Vedtekter og stiftelsesdokument vert underskrivne når dei er klare.

Klassekontakten må minnast på at det er dei som er ansvarlege for å arrangere sommaravslutninga. Klasselister må opprettast for alle klassane, dette er sjølv sagt frivillig, men er eit ønske frå fleire foreldre.

Møtet er avslutta kl 20:00

Referent: Randi Sletten Flæsland